

MALLETSKADE


Mallettskade er ein skade på sena som strekkjer ytterleddet. Etter ein slik skade heng ytterleddet i bøygd stilling (også kalla dropfinger). Slike skader skjer ofte ved stort press på oppsida av leddet, eksempelvis ball mot finger.



BEHANDLING MED MALLETSKINNE



- Mallettskade kan behandlast konservativt (utan operasjon) med ei skinne i 6 veker. Skinna skal låse ytterleddet i god strekk slik at sena kan gro.
- **Det er viktig at skinna er på kontinuerleg (dag og natt) i 6 veker for at sena skal tilhele.**
- Dersom skinna fell av og ytterleddet i fingeren vert bøygd, må behandlinga byrje om att – altså i 6 nye veker. Skinna skal ikkje låse midtleddet på fingeren.
- Etter 6 veker skal skinna berre brukast på natt i ytterlegare 2-3 veker.
- Ver forsiktig ved belastning av skada finger. Bruk skinna i tyngre belastning fram til det er gått 12 veker.
- Etter skinnebehandling er ytterleddet ofte stivt å bevege på. Det er difor viktig å komme i gang med øvingar. Sjå bilete under: Bøy fingre samla inn til knytt hand. Ytterleddet skal ikkje tøyast eller trenast isolert. Det er vanleg å bruke inntil 6 månader før full bevegelse er oppnådd i ytterledd etter mallettskade.



Dersom du har spørsmål eller behov for kontroll, er du velkomen til å ta kontakt med ergoterapeutane ved Plastikkirurgisk avdeling på tlf. 55 97 28 36.

Helsing Ergoterapeuten